

Dei som møtte: Lars Bjarne Linneflaatten, Magnus Heian, Torstein Lie, Åsne Fineid, og May Britt Michelsen Forfall: Dag Løvall

Referent: Torhild F Sisjord

Styremøte i Vestfold sau og geit 23. januar 2018 kl. 18:00 hjå Åsne Fineid.

1/18 Innkalling og sakliste godkjent

Refratet frå møte 15 des. 2017 godkjent

2/18 Innkommen post og referat

- Referat frå siste styremøte i NSG kommentert
- E-post frå NSG ang jordbrukstingane 2018. Tas opp under eventuelt.

3/18 Planlegging av årsmøte på Nortura Tønsberg torsdag 8 februar kl. 19:00

- Startar møtet med servering. Fortrinnsvis pinnekjøtt. Lars Bjarne bestiller.
- Tek med kaffi og lefser opp i møterommet.
- Besøk av Else Horge Asplin frå styret i NSG. Får anledning til å helse årsmøte fyrst i møte.
- Valkomiteen er satt i gang og Preben Fossaas har bekrefta mottatt informasjon. Frist for tilbakemelding til styret er satt til 5 februar.

4/18 Årsmelding for Vestfold sau og geit

- Årsmelding for meldingsåret 2017 gjennomgått. Sendes ut for korrekturlesing og retting/tilføyelser så snart råd er.
- Åsne lagar eit innspel på "70 års jubileet til VSG" Tas opp under innkomne saker og uttaler.
 - Festkomite`med 1 representant frå styret
 - 20000 i budsjett
 - 2 dager (festmiddag og fagseminar)
 - Ynskje om tema: Veterinær Åshild Øritsland Våge – "Haemonchus og Leverikter – rett håndtering avgjørende for søyas produksjon"

5/18 Arbeidsplan for 2018 gjennomgått.

- Nytt punkt. Sommertur til Østfold
 - 1 dag
 - 3-4 forskjellige fjøs
 - Besøk på Ås (Landbrukshøgskulen)
 - Minibuss bekosta av VSG
 - Avreise frå Lars Bjarne kl 07:00
 - Rovdyrproblematikk

6/18 Budsjett for 2018 godkjent med 34915,- i underskot

7/18 Planlegging av vårmøte

- Ynskje om Knut Volland – Beite og grovfôrqualität. Lars Bjarne tek kontakt for å avklare om det er mulig.

8/18 "Samarbeidet" med Vestfold Gjetarhundnemd.

Vestfold Gjetarhundnemd har behov for sau til trening. Manglar pr. i dag både sau og areal. Styret diskuterer problematikken rundt dette.

Regelverket for trening av gjetarhund i Telemark vart gjennomgått. Eit godt utgangspunkt også for Vestfold. Endring av grenser for temperatur (-10 C) og snø/is. Sendes Kurt Evje.

Gjetarhundnemda må dokumentere utgifter for treningar for å få utbetalt tilskot frå VSG.

Bør få til ein tettare kontakt med gjetarhundnemda. Leiar i nemnda kallast inn til neste styremøte.

9/18 Fostertelling.

Fostertelling vart i si tid satt i gang av styret. Kundelista til fostertellaren er pr. idag full og lite VSG kan få gjort. Må difor sjå på tilbodet i Vestfold som eit privat initiativ.

VSG kan utarbeide ei liste over fostertellarar, saueklypparar og ansvarlege for gjetarhund.

Denne kan legges på nettsidene til hjelp for den enkelte.

Det er eit ønske at NSG satte i gang kurs for nye fostertellere.

9/18 Eventuelt

- E-post frå NSG vedrørende jordbrukstingingane 2018
 - VSG støttar opp om fyrste utkast frå NSG, men ynskjer i tillegg å få inn:
 - Småskiftetillegg
 - Tilskot til gras i sone 1
 - Oppretthalde beitetilskotet – innmarksbeite
 - Indeksregulering av avløyartilskot og tilskot ved sjukdom.
 - På spørsmål om sterkare tiltak for å få ned produksjonen er dette VSG sine tankar
 - Pris er i dag styringsverktøyet. Vil også vere viktig framover.
 - Kvoter er uaktuelt.
 - Kilogrense (23-kg). Kraftig reduksjon i pris for overskytande kg. Trekket må også virke inn på andre tillegg som distriktstilskotet.

Lars Bjarne lagarog sender innspel til NSG så fort som råd. (fristen 1. mars.)

- Neste styremøte 20 eller 21 februar.